



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda pr epost

Dykkar ref:

Vår ref.:
2009/551

Arkivnr.:
433.52

Dato:
04.04.2009

Protokoll frå møte i rovviltnemnda Region 1 - 23.03.2009

Rovviltnemnda hadde møte på Statens Hus i Bergen 23.03.2009 kl 10.30. Desse møtte frå rovviltnemnda: Oddny Omdal, Joril Christiansen, Marit Barsnes Krogsæter, Odd Arild Kvaløy og Norvall Nøringset. Inger Hansen møtte frå Bioforsk Nord Tjøtta. Frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane møtte Christian Rekkedal og Hermund Mjelstad, frå fylkesmannen i Hordaland Magnus Johan Steinsvåg, og frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa.

Brev frå Bondelaget i Rogaland om kongeørn 24.02.09 og brev frå rovviltnemnda til DN med oppmoding til ekstraordinær felling av jerv blei delt ut på møtet.

Sak 06/09: Orientering om forebyggande tiltak v/Inger Hansen, Bioforsk Tjøtta

Inger Hansen orienterte om nasjonale standardar for ulike forebyggande tiltak mot rovviltskade, og effektar og røynsler med tiltak: Krav til rovdysikker inngjerding, tidleg nedsank av sau, beredskapsareal for beite og voktarhund.

Inngjerding er lite relevant tiltak i Region 1, kanskje med einiskilde unnatak for beredskapsareal i høve til eventuelle behov for tidleg nedsanking. Bruk av voktarhund på innegjerda beite er difor heller ikkje aktuelt, men voktarhund på patrulje kan vere både effektivt og aktuelt i delar av regionen. Det er allereie positive røynsler frå Luster i Sogn. Standardane kan lastast ned frå www.viltskadesenter.no.

Sak 07/09: Innlegg om beiteprosjektet ved landbruksdirektør Christian Rekkedal

Rekkedal orienterte både om ein auka innsats for å redusere beitetap i Sogn og Fjordane, og om pilotprosjektet i regi av SLF.

Beitetapa i Sogn og Fjordane er dels knytt til rovvilt i indre delar, men dei største tapa har vore i beiteområde i skogbeltet og nærare kysten. Tapsårsakane her er andre og ulike, t.d.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

flugemakk, alveld og flåttrelaterte sjukdommar. Variasjonen i tapsprosent er stor på alle nivå. Kondisjonen på lamma har truleg mykje å seie.

I det nasjonale beiteprosjektet har det vore utprøvd ein del ulike tiltak som intensivt tilsyn og bruk av radiobjøller i Møre og Trøndelag. Røynslene har vore blanda. Lite effekt i form av redusert tap. Radiobjøllene har vore hefta med tekniske problem. Positivt at ein finn igjen kadaver raskare, og på det viset får klårheit i tapsårsakane. Men det er likevel ikkje sjølvstapt at ein sjølv med bjøller og intensivt tilsyn finn att alle kadaver.

Forsøk med forsterka tilsyn og radiobjøller fortsetter i Nord-Trøndelag. Inngjerding og utvikling av strategi for innsanking ved tap er andre tiltak. I Møre vil ein auke kunnskap om flåttrelaterte sjukdommar, i Hedmark/Oppland styre beitebruken. Ein brei tilnærming er å auke kondisjonen på dyra. ”Skilje beitedyr og rovdyr i tid og rom” – er viktig tilnærming i dei høve rovdyr er eit hovudproblem. Rekkedal lufta tanken om sonering og i Region 1.

Kva er framtidsretta beitebruk i vest? Rekkedal svara slik:

- meir samarbeid om tilsyn på beite
- skilje beitedyr frå rovdyr
- kontroll på rovviltet
- konsentrere beitebruken om dei best eigna beiteområda i høgfjellet

Sak 08/09: Vedtak om prioritering og fordeling av tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2009

Rovviltnemnda vedtok sekretariatet sitt framlegg, med desse endringane: Framlegget sine punkt 7 og 8 blir tatt ut:

Vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak på dette viset for 2009, med atterhald om eventuelle endringar i rammetildeling:

1427.73	Fordeling på søknad	I reserve FM	Til saman
<i>Drift av nemnda</i>			<i>150 000</i>
<i>FM Vest-Agder</i>	<i>200 000</i>	<i>150 000</i>	<i>350 000</i>
<i>FM Rogaland</i>	<i>50 000</i>	<i>75 000</i>	<i>125 000</i>
<i>FM Hordaland</i>	<i>25 000</i>	<i>50 000</i>	<i>75 000</i>
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	<i>300 000</i>	<i>500 000</i>	<i>800 000</i>
Sum			<i>1500 000</i>

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Fylkesmennene bør og vere opne for å gje støtte til felles tiltak innan regionen eller med naboregionar, og til tiltak i andre fylke innafor regionen. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket.

4. *Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8.4.4).*

5. *For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempjande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.*

6. *Fylkesmannen har høve til å nytte pengane til gode prosjekt innafor bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Slike prosjekt skal samordnast med SNO.*

7. *Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.*

8. *Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.4.6.*

9. *Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2009. Rapporten skal, innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempjande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2010 til DN og rovviltnemnda.*

10. *Av førebels ramme på kr 175 000,- til godtgjering av rovviltnemnd og drift av sekretariatet (kap. 1427.21) blir kr 100 000,- sett av som kompensasjon til fylkesmannen i Rogaland for sekretariatsarbeidet.*

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

Sak 09/09: Forvaltningsplanen for rovvilt i Region 1 - vedtak

Nemnda gjekk gjennom forvaltningsplanen, og godkjente planen slik den låg føre med ei tilføyning i kap. 3, - eit sitat frå statsrådbrevet frå 2006.

Forvaltningsplanen blir sendt til DN for fagleg godkjenning.

Sak 10/09: Ymse

Brevet frå Rogaland bondelag blei kommentert og diskutert. Sekretariatet gjorde merksam på at felling av kongeørn berre er mogleg gjennom skadefelling av einskilde individ etter rovviltforskrifta §12. Om bestanden er aukande i regionen er vanskeleg å avgjere ut frå dagens kunnskap.

Nemnda ba om at det blei fremja ei sak om auka kunnskap om kongeørnbestanden i regionen til neste møte. Eit slikt prosjekt bør koordinerast mot NINA og SNO sitt arbeid med kongeørn under nasjonalt overvakingsprogram.

Kvaløy kommenterte brevet frå leiar i nemnda, dagsett 04.03.09, til DN om behov for ekstraordinært uttak av jerv i regionen: ” *I dette brevet kunne det se ut som om nemnda var av den oppfatning at det bare var i Indre Sogn det vi tilrådde skadefelling av jerv, og at dette ikke var i samsvar med nemndas syn. Etter min mening har vi gjort det ganske klart at vi*

mener det må gis tillatelse til skadefelling av jerv i hele region 1 på lik linje og like vilkår all den tid norsk lov sier at det ikke skal være jerv i region 1. I Rogaland oppfattes det nå som om dette området ikke blir prioritert på samme måte som i Sogn. Dette til tross for klar holdning i nemnda og på grunnlag av klare observasjoner i Ryfylkeheiene.”

Neste møte i nemnda blir 26.05 i Bergen kl 10.00. Møtet i september flyttast til Sogndal.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost:

- Direktoratet for Naturforvaltning
- Fylkesmennene i Vest-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane bondelag
- Birger Aasland